

FNs KLIMAMØTE I GLASGOW 1. - 12. NOVEMBER - OG ELEFANTEN I ROMMET



Den siste rapporten frå FNs klimapanel er alarmerande.

Derfor har FNs generalsekretær Antonio Guterres uttalt at Glasgow-møtet må bli eit vendepunkt. 21. september sa president Biden i FNs generalforsamling at klima-krisa nærmar seg eit vippespunkt, og at USA vil ta ei leiande rolle gjennom eksemplets makt.

Men USA er eit dårleg eksempel når det gjeld utslepp av klimagassar – ikkje minst fordi USA på klimamøtet i Kyoto 1997 i siste liten kravde at militæret skulle utelataast frå klimareknskapen. Dermed vart militæret «elefanten i rommet» på alle klima-miljø-møte. I flg. Paris-avtalen 2015 er det opp til dei enkelte landa om dei vil rapportera militære utslepp.

Pentagon er verdas største forbrukar av olje. I 2017 stod Pentagon for over 70% av USAs utslepp av klimagassar. Det var meir enn det 175 land (av 210) till saman brukte. Under Irak-krigen brukte USA-militæret 1,2 millionar fat olje på ein månad. Etter NATO-øvinga «Trident Juncture» for nokre år sidan opplyste Forsvaret at det blei slept ut meir enn 70 000 tonn CO₂- tilsvarende utslepp frå 900 nordmenn på eit år. Våre nye jagarfly F-35 bruker 5600 liter drivstoff i timen.



INTERNASJONAL KVINNELIGA FOR
FRED & FRIHET

DEN NORSKE SEKSJONEN AV WOMEN'S INTERNATIONAL LEAGUE FOR PEACE & FREEDOM

Les mer om IKFF på www.ikff.no

facebook: internasjonal kvinnelig for fred og frihet

I tillegg til utslepp av klimagassar gjer militæret stor skade på miljøet. Både produksjon og bruk av militært utstyr krev store ressursar og fører til forureining. Ein Pentagon-rapport frå 2016 fortalte om eit stort omfang forgifting av elvar i og omkring amerikanske militær-basar. Auke i kreft-tilfelle og abortar er nokre av konsekvensane. Rapporten galdt basar i USA, men truleg gjeld det same for dei 800 basane USA har rundt om i verda. I land der USA/NATO har intervenert, representerer m.a. klasebomber og landminer ein stor fare for folk.

Leiarane i USA/Nato hevdar at den største faren for oss i dag er Russland og Kina. Derfor krev NATO at medlemslanda må auka forsvarsutgiftene til 2% av BNP. Men dette verkar helst absurd. SIPRI, Fredsforskningsinstituttet i Stockholm, har lenge laga årlege rapportar om militærutgifter og våpenlager og -salg i ulike land. I 2017 var NATOs militærutgifter 13 gonger så stort som Russland sine. I dag har det auka til 15 gonger så stort. Dei enorme våpenarsenalene gjer ikkje verda tryggare for folk flest, men det gjer våpen-industrien rikare. Etter den andre verdskrigen advarte president Eisenhower mot det han kalla «det militær-industrielle kompleks». Det betyr tett samarbeid og «svingdører» mellom militæret og våpen-industrien, og bruk av store ressursar på lobbyisme.

I ei tid der me står i fare for å øydelegga livsgrunnlaget for komande generasjonar, må me rusta ned, ikkje opp. Ressursane må brukast for å nå FNs bærekraftsmål, ikkje på skadeleg militær aktivitet. Politikarane bør høyra på og tenka på kva som tener kloden og folk flest, ikkje kva som tener våpen-industrien. Fredsorganisasjonen World Beyond War opplyser at over 300 organisasjonar har skrive eit felles opprop til deltarane på Glasgow-møtet. Kravet er at alle militære utslepp av klimagassar må med i klimarekneskapen. Om eit slikt vedtak blir gjort og følgjt opp, kan det vera vendepunktet Guterres ber om.



Vil du bli medlem i en fredsorganisasjon? Meld deg inn her:
<https://www.ikff.no/bli-med/bli-medlem/>

